



DEN NORSKE KYRKJA

Møre biskop

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

dok 20

Kultur- og kyrkjedep.	
Saknr. 200601378	Dato. 17.07.06
Kode. Mi-201	Beh.....

Dato: 13.07.2006

Vår ref: 06/255-4 OB/MI.

Dykkar ref:

Kvalifikasjonskrav for tilsetjing som kyrkjelydsprest - høyringsfråsegn

Møre biskop takkar for eit godt gjennomarbeidd høyringsnotat.

Kvalitetsreformen gjer det nødvendig med nyformulering av ein del reglar. I svaret mitt vil eg konsentrere meg om sjølve forslaget til ny forskrift (høyringsnotatet pkt 12):

1. Møre biskop stør forslaget om at eit krav om fullført Vegen til presteteneste (VTP) også bør heimlast i kvalifikasjonsforskrifta, og at det bør gjerast no. VTP har utvikla seg til å bli ein viktig del av førebuinga til teneste og av kontakten mellom biskopane og dei som førebur seg til teneste. I løpet av dei sju åra ordninga har eksistert, er ho gradvis blitt justert og forbetra. Biskopane og bispedømeråda investerer store ressursar i ordninga. Det er derfor rimeleg at ho vert obligatorisk, og at dette går fram av forskrifta.

Møre biskop stør derfor forslaget om tillegget i § 1 med dei nødvendige endringar også i §§ 2, 3, 4 og 5.

2. Møre biskop stør at dei aktuelle kompetansevurderingane som må gjerast (§§ 2 og 3), vert lagde til eit fakultet som har rett til å tildele graden cand. theol.

3. Møre biskop stør at det vert høve til å gjere unntak frå kravet under pkt 3/5.

4. Møre biskop vil også stø forslaget frå arbeidsgruppa om å greie ut "muligheten for å få en lovhjemmel for å kunne innhente politiattest for kirkelig ansatte som har arbeid knyttet til barn og unge."

Med helsing


Odd Bondevik
biskop